



Årsmelding 2021

Aksjeselskap

Selskapet sin aksjekapital er på kr. 800 000,- fordelt på 8 000 aksjar à kr. 100,-. Av desse eig Kvinnherad Kommune 4535 aksjar = 56,7 %.

Totalt har selskapet **80 aksjonærar**, men ingen av dei andre eigarane eig kvar for seg meir enn 20 % av aksjane.

Verksemda

Fjellhaugen skisenter A/S driv eit allsidig skianlegg med skitrekk, barnetrekk og ljosløype. Anlegget ligg i området ved Fjellhaugvatnet i Kvinnherad kommune.

Styret

Generalforsamling vart halde på Rådhuset i Rosendal 06.05.21. I samsvar med § 5 i vedtektene er følgjande personar valde/peika ut til styret:

Namn		Rolle	Aksjar à kr.100
Tor Vidar Sæle	Utpeika av idrettslag	Styreleiar	0
Kent Are Kjørsvik Petterson	Utpeika av KK	Styremedlem	0
Karin Thauland	Aksjonærvald	Styremedlem	0
Kjartan Thoresen	Utpeika av idrettslag	Styremedlem	0
Per Åge Lyngnes	Aksjonærvald	Styremedlem	0
Jorunn Karin Furdal	Aksjonærvald	Varamedlem	0
Sissel Haugen	Utpeika av idrettslag	Varamedlem	0
Kjetil Mehl	Utpeika av KK	Varamedlem	0

Styret har i 2021 halde 6 styremøte og har handsama 15 saker.

Revisjon

Me er ikkje pålagd å ha revisjon frå 2018, og har difor avslutta avtalen med BDO.

Drifta / organisasjonen

Kent Are Kjørsvik Petterson vart peika ut som dagleg leiar, og har vore tilsett i rolla frå 01.09.21 i ein 19%-stilling. Fram til då var arbeidsoppgåvene kring den daglege drifta fordelt i styret og med driftsleiar.

Dagleg leiar har ansvaret for rekneskapen, og har fått prokura og signeringsrett av styret. Styret vert løypande orientert om økonomi og rekneskap i styremøta. I tillegg har dagleg leiar det administrative ansvaret.

Driftsleiar er driftsansvarleg for trekka, og har ansvar for operativ drift.

Begge svarar til styret i Fjellhaugen Skisenter AS, og deltek på møta til driftsutvalet.

Arbeidsmiljø

Det har ikkje vore skader eller ulukker blant dei som utfører arbeid i anlegget. Me arbeidar heile tida med å gjera det trygt for dei som jobbar i anlegget.

Drifta og anlegget er lagt opp etter lover og forskrifter og vert kontrollert kvart år av Jernbanetilsynet .

Likestilling

Styret i Fjellhaugen skisenter er opptekne av likestilling. Styret har både mannlege og kvinnelege medlemmer.

Ytre miljø

Anlegget er avhengig av elektrisk energi. Det vert nytta drivstoff til snøscooter og trakkemaskin.

Det avfallet som vert generert er vanleg hushaldningsavfall som vert levert i container i området.

Det er tilrettelagt for skiaktivitetar, og skisenteret er ikkje til ulempe for miljøet i området.

Sesongen

Sesongen 2021 starta tidleg i januar i ljosløypa og 24 .januar i trekket. Vi fekk berre 10 dagar i trekket denne sesongen, sjølv om vi hadde produsert ein god del snø. Mildt og vått vêr sette ein brå stoppar for skitrekket allereie i februar, men ljosløypa og fjelløypene heldt ut store deler av april. Vi var så heldige å få eit oppdrag frå SKL om brøyting inn til Blåfalli IV, noko som gav flotte skiløyper innover den vegen denne sesongen.

Prepareringa har vore utført av frivillige, og brukarane gjev positive tilbakemeldingar om tilhøva. Me takkar for godt samarbeid.

Prepareringa vert registrert på www.skisporet.no og i appen «Skisporet».

Alpin-anlegget

Teknisk sett har trekket fungert bra, og det har ikkje vore lengre stopp i trekket. Det har vore preparert i Ljosløypa og i bakken.

Vedlikehald av trekket er det driftsleiar Øystein Svendsen som har hatt hovudansvaret for. Dette arbeidet er utført på ein svært god måte. Styret og driftsgruppa ønskjer ei meir profesjonell drift av anlegget og har frå hausten nytta lokale firma for å utføre vedlikehald i skitrekket.

Barnetrekket

Barnetrekket har fungert bra. Dette er eit godt tilbod for dei minste brukane av anlegget. Dette er eit trekk som dreg folk til fjells og me får mange positive tilbakemeldingar. Frå og med sesongen 2017/2018 vart barnetrekket gratis.

Ljosløypa

Ljosløypa vert mykje nytta både av aktive løparar og turgåarar. Det har vore arrangert skirenn i regi av ulike idrettslag, barnas turlag har hatt arrangement, og vaksenopplæringa har teke med seg elevar i løypa.

Turløyper

Normalt vert det køyrt opp turløyper til Nautavatnet, Nesjastøl og Skaheia og rundt Reikatindane, men dette kjem an på snømengd og vêrtilhøva. Det er i 2021 preparert løyper innover Blådalen og inn til Blåfalli IV i samband med eit oppdrag vi har utført for SKL.

Skidagar / skulekøyring

Grunna Covid-17 vart det ikkje arrangert skidagar i 2021.

Mikrokraftverk

Skisenteret eig Fjellhaugen kraftverk. Produksjonen har gitt samla inntekter på

- 2021: kr 167.407,-
- 2020: kr -10.904,-
- 2019: kr. 204.317,13,-
- 2018: kr. 271.825,-
- 2017: kr. 181.577,-

Varmestove / toalett

Tilhøva rundt varmestove og toalett ved langrennsstadion er stadig ikkje tilfredsstillande.

Bygget vert ståande så lenge det fungerer, men skisenteret ønskjer ikkje å bruke midlar på dette etter at det nye arenahuset vert ferdig. Idrettslaga overtek ansvaret for dette bygget.

Arenahus

Fyrste del av arenahuset (garasjen) vart fullført i 2005. Den nye varmestova vart opna før påske i 2015. Stova gjer stor nytte. Den er ope når trekket er ope, og elles har idrettslaga tilgang til koden slik at dei kan nytte stova under trening.

Parkering og brøyting

Lyngnes Transport har overtok brøyting for SKL i 2014. Dette fungerer bra. Brøyteavtalen med SKL er forlenga med 3 nye år frå 2020.

Kiosksal

Kiosksalet ved skitrekket i 2021 var utfordrande. Grunna Covid-19 og utfordringar knytt til dette var ikkje varmestova open, og alt kiosksal gjekk gjennom eit vindauge på baksida av bygget. Dette har truleg gjort at kiosksalet vart noko lågare enn det potensielt kunne vore. Flinkle dugnadsfolk har hatt særskild ansvar for kiosk og billettsal. Inntekter frå kiosksal var på kr. 30 047. Det har vore servering av pølser, vaflar, kaffi, brus, sjokolade og små pizzaer. Innkjøpskostnadane til kiosken har vore kr 21.500,-

Reklame

Me har i 2021 halde fram med stadionreklame, reklame på internettsida vår og me har "sponsoravtale" med lokalt næringsliv. Me takkar alle dei som har støtta opp. Vi har og knytte til oss nokre nye sponsorar i år, og vil følgje opp rekrutteringa på dette området.

Økonomi

Nokre hovudtal:

	2017	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekter	749.625	1.283.622	544.000	1.391.000	1.575.000
Kommunal underskotsgaranti	0	130.000	200000	0	0
Driftskostnadar	995 641	704 683	765 721	743 404	1 129 248
Driftsresultat	22 568	31 326	- 16096	540 219	- 550 827,04
Finanskostnadar	37 937	32 611	27 689	17 363	16 984
RESULTAT	-1 567	1 305	-40 320	530 358	- 585 203

Skisenteret har VIPPS-konto. Dette fungerer godt etter at vi fekk 4G i området.

Vi har to pante-postkassar ståande hjå Bunnpris-butikkane på Seimsfoss og på Husnes der dei som ønskjer kan støtte oss med pantelappen sin. Det har komme inn nokre hundrelappar gjennom dette. Vi er og registrert i grasrotregisteret og hadde i 2021 utbetalt kr 40.842,- frå 89 gjevarar.

Maskinar og utstyr

Vi eig to trakkemaskiner (Huskyen og Leitwolfen), og ein snøscooter (Ski Doo). I tillegg leaser vi ein snøscooter.

Ymse

- Det vart kjøpt inn ny dieseltank i 2021. Det var behov for å bytte ut den gamle tanken. No har vi fått ein tank som er sikrere mot lekkasje og ein har elektronisk teljeverk.
- Det vart kjøpt inn beitepussar som ein går over ljosløypa med før snøen kjem. Dette gjev eit beinare underlag, og ein slepp unna dei fleste tuene som stikk opp gjennom snøen når snømengda framleis er lita.
- Det er investert i nye ljøs og varmpumpe i verkstaden.
- Det er inngått avtale med Proxima Hydrotec om drift av kraftverket.

Dugnad

Heile drifta av anlegget er tufta på dugnad med unntak av noko preparering. Dette er unikt når det gjeld eit slikt anlegg. Også i 2021 er det utført ein svært stor dugnadsinnsats på alle område: Styrearbeid, driftsutval, driftspersonell, medhjelparar frå idrettslaga og andre. Utan denne innsatsen hadde ikkje drifta av skisenteret vore mogleg. Skisenteret har eit godt samarbeid med Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps.

Det vart ikkje arrangert dugnadsfest i 2021 grunna Covid-19-reguleringar.

Informasjon

Skisenteret har eige internettside: www.fjellhaugen.no

Facebook- og Instagramkontoane nyttast aktivt for å kommunisere med brukarane våre. Vi når ut til svært mange på denne måten. Ved å bevisst bruke sosiale media når ein raskt ut til veldig mange. For 2021 har vi nådd ut til over 46.000 personar på Facebook-sida, noko som er ein auke på **310%** frå 2020. Og dette er utan at vi har brukt pengar på annonsering.

Status for preparering av løypene kan ein følgje via www.skisporet.no og i appen «Skisporet».

Styret for Fjellhaugen Skisenter vil nytte høvet til å takka alle som i 2021 har hjelpe til, anten med dugnad eller tenester i samband med drifta.

